

Soga om den tunge hausten

(Ein alternativ halvårsrapport av energiråd Ragnar Semundseth, oktober 2022)

Når den politiske hausten i Europa skulle skildrast, vart det ikkje lenger brukt diplomatiske omskrivingar. Då kommisjonspresidenten held si tale om tilstanden i EU, sa ho følgjande: «Dette er ein krig om energien vår, ein krig om økonomien vår, ein krig om verdiane våre og ein krig om framtida vår»ⁱ. Situasjonen var alvorleg, og det såg ikkje ut til å bli betre med det fyrsteⁱⁱ. På energiområdet vart tidlegare etablerte sanningar ettertrykkeleg motprova. Som mellom anna at «gassen vil alltid flyte frå aust til vest; det gjorde den endog gjennom den kalde krigen». No hadde gassflyten frå Russland stogga nesten heilt.

Med mindre gass tilgjengeleg i Europa, hadde gassprisane gått til himmels. Og dei drog strauprisane med seg. For ofte var det slik at ein måtte bruke gass for å lage nok straum. Og når gassen var dyr, var resultatet at strauten òg vart dyrⁱⁱⁱ.

Folk kjende situasjonen på kroppen, og mange strevde med å betale straumrekningane sine. Sanninga var at denne hausten var tung for mange, og at vinteren kunne bli både mørk og kald^{iv}. «Vi kan ikkje lenger bruke gass til å lage straum», var det mange som sa. Men det var lettare sagt enn gjort, for alternativa var få. Og heller ikkje vérgudane hadde spelt på lag dette året.

Medan sumaren i fjor var prega av nedbørsrekordar og flaum, hadde dette vore den varmaste og tørraste sumaren i manns minne^v. Folk hadde brukt uvanleg mykje straum for å kjøle ned husa sine. Og med lite regn, vart det mindre vasskraft. Også dei som produserte kjernekraft sleit. Dei brukte elvevatn til å kjøle ned reaktorane, men no hadde elvene vore for varme. Nokre hadde vald å opne opp att gamle kolkraftverk. Men lekterane som skulle frakte kolet grunnstøytte på grunn av den låge vasstanden i elvene. Vasstanden var nokre stader så låg at skipsvrak frå tidlegare krigar hadde stukke opp av vatnet som dystre minnesmerke^{vi}.

Det var då ein handlekraftig tsjekkar bestemte seg for at uvanlege tider krev uvanlege løysingar. Denne tsjekkaren heitte Jozef Síkela^{vii}, og få hadde eigentleg høyrd om han før. Dette halvåret hadde han ansvar for å leie energiministrane frå dei europeiske landa, og snart var namnet hans på alle lepper.

Den europeiske unionen var ikkje akkurat kjend for rask sakshandsaming. Under vanlege omstende kunne Kommisjonen bruke både eit og to år på å førebu ei sak, før den vart sendt til Rådet og Parlamentet. Desse kunne på si side bruke både månader og år på å diskutere saka. Og noko endeleg vedtak var ingaleis garantert.

Men dette var ikkje normale omstende, slo Josef fast. Så langt hadde han arrangert fire energiministermøter, tre av dei ekstraordinære^{viii}. Han jobba tett saman med Kadri Simson i EU-kommisjonen, og saman slo dei stadig rekordar i rask sakshandsaming. Ja så fort gjekk det, at EU-parlamentet ofte ikkje eingong vart involvert^{ix}.

Då sumaren var på det varmaste, hadde Kadri foreslått radikale reglar for å spare på gassen^x. Berre seks dagar seinare hadde Josef fått EU-landa med på å vedta reglane. Eit par månader seinare foreslo Kadri å spare på strauten^{xi}. Eit par veker seinare hadde Josef fått EU-landa med på dette òg.

Folk gnei seg i auga, og trudde knapt det dei såg. Lærebøkene om europeiske vedtaksprosessar måtte tydelegvis skrivast om. «Om saka er viktig, finn vi ein veg», kommenterte Josef tørt ^{xii}.

Gassen frå det langstrakte nabolandet i nord, vart no enda viktigare enn før. Nordbuane var som kjent ikkje med i unionen, men gjorde det dei kunne for å hjelpe dei europeiske naboane sine. Dei hadde jobba hardt for å auke gassleveransane, og lukkast ganske godt ^{xiii}. Dette var ein av grunnane til at dei europeiske gasslagera var rimeleg fulle ved inngangen til vinteren ^{xiv}.

I tillegg prata politikarane oftare saman enn før. På førsumaren hadde den norske energiministeren vore på besøk i EU-hovudstaden. Terje Aasland møtte då mellom anna visepresident Frans Timmermans i EU-kommisjonen, og saman vart dei samde om jobbe enda tettare ^{xv}.

Også på høgste nivå var det tett kontakt. Den norske statsministeren tala stadig med kommisjonspresidenten ^{xvi}, og saman offentleggjorde dei ei felles fråsegn under det store oktober-toppmøtet i den tsjekkiske hovudstaden ^{xvii}. Nokre dagar seinare var det den tidlegare omtala Josef som var vertskap. Han tok imot alle dei europeiske energiministrane i Praha, og her stod namnet til den norske energiministeren òg på gjestelista ^{xviii}.

Kor mange EU-møter er det egentleg mogleg å arrangere i løpet av eit halvår, var det nokre som undra. Josef hadde tydelegvis sett seg føre å ta rekorden også her. For det var lenge att av året, og energiministrane skulle møtast seinare i oktober, og nok ein gong før jul. Og no gjekk det rykte om enda eit ekstraordinært møte i november...

ⁱ Sitatet er henta frå kommisjonspresident Ursula von der Leyen si «[State of the Union](#)»-tale frå 14. september: «This is a war on our energy, a war on our economy, a war on our values and a war on our future». Ho viste til at medan russisk gass stod for 40 prosent av EU si gassimport i fjor, var talet no nede i ni prosent.

ⁱⁱ Den norske statsministeren slo 30. september fast at situasjonen hadde vorte [enda meir alvorleg](#) med Russland si annektering av fleire område i Ukraina, og med skadane på gassrørleidningane Nord Stream 1 og 2.

ⁱⁱⁱ Kraftmarknaden er som dei fleste andre marknader, men med nokre viktige unntak. Fyrst og fremst er straum ekstrem ferskvare. Det må alltid vere like stor produksjon som forbruk. I tillegg er frakt av straum avhengig av kapasiteten i straumnett.

Ved ein gitt etterspurnad, skjer omtrent følgjande: Dei teknologiane som har lågast driftskostnadar vil levere fyrst inn i marknaden. Dette kan typisk vere fornybar energi som sol eller vindkraft. Kjernekraft har litt høgare driftskostnadar, og treng ein noko høgare kraftpris for å vere lønsam. Dernest kjem kol. Men for å dekke etterspurnaden er det ofte gasskraft som må til. Det vil då vere gasskraft som avgjer marknadsprisen. Og denne prisen får alle straumprodusentar som leverer i marknaden, uavhengig av teknologi.

Det er ofte naudsynt å sette i gang gasskraftverka når det er forbrukstoppar; gjerne om morgonen og om ettermiddagen. Det er difor EU-landa har vedteke å redusere straumforbruket med fem prosent under såkalla «peak hours». På denne måten håper ein at dei høge gassprisane i mindre grad dreg straumprisane med seg til vers.

Den som ynskjer ei betydeleg meir presis beskriving av prissettinga i kraftmarknaden kan gå inn på [Nord Pool sine nettsider](#).

^{iv} [Europa slukker lyset og skruer ned for varmen for at spare på energien - TV 2](#)

^v [Summer 2022 was Europe's hottest on record – POLITICO](#)

^{vi} [Low water levels on Danube reveal sunken WW2 German warships | Reuters](#)

^{vii} Jozef Síkela er industriminister i Tsjekia, og leiar no energiministtermøta i EU.

^{viii} Energiministtermøta fant stad [26 juli](#), [9. september](#), [30. september](#) og [12. oktober](#).

^{ix} EU-reglane om sparing av gass og elektrisitet, er i røynda basert på ein [kriseartikkel i EU-traktaten](#). Den har følgjande ordlyd: «(...) the Council, on a proposal from the Commission, may decide, in a spirit of solidarity between Member States, upon the measures appropriate to the economic situation, in particular if severe difficulties arise in the supply of certain products, notably in the area of energy». Europaparlamentet har altså ikkje nokon formell rolle når vedtaket er hjemla i denne artikkelen.

^x [Member states commit to reducing gas demand by 15% next winter - Consilium \(europa.eu\)](#)

^{xi} [Council agrees on emergency measures to reduce energy prices - Consilium \(europa.eu\)](#)

^{xii} Sitatet er henta frå pressekonferansen i etterkant av det ekstraordinære energirådsmøtet 26. juli.

^{xiii} Norsk gassproduksjon er på eit [høgt nivå](#) historisk sett. Noreg er venta å levere rundt 122 milliardar standard kubikkmeter naturgass i år. Dette er om lag åtte prosent – eller 100 TWh – høgare enn i fjor.

^{xiv} Europeiske gasslager er no 90 prosent fulle, sa kommisjonspresident Ursula von der Leyen i si [tale til Europaparlamentet](#) 5. oktober.

^{xv} [Noreg og EU samde om å forsterke energisamarbeidet - regjeringen.no](#)

^{xvi} [Ny samtale om energikrisen i Europa - regjeringen.no](#)

^{xvii} [Norge og EU samarbeider for å stabilisere energimarkedene - regjeringen.no](#)

^{xviii} Noreg skal framleis vere en [stabil og påliteleg energileverandør til Europa](#), slo olje- og energiminister Terje Aasland fast.

Takk til gode kollegaer ved EU-delegasjonen og i Olje- og energidepartementet for faglege og språklege innspel!